

TILTAKSSTRATEGI FOR BRUK AV SMIL – MIDLAR I SOGNDAL 2017 – 2020.

Bakgrunn / føremål

Strategien er utforma på bakgrunn av Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i tråd med faglaga sine innspel ved høyring.

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur – og kulturminneverdiane i kulturlandskapet til jordbruket og redusere ureining frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Kven kan søkje ?

Tilskot kan gjevast til føretak som driv ein tilskotsberettiga produksjon (jf. Forskrift om produksjonstilskudd mv.) og til eigarar som driv / eller eig ein landbrukseigedom der det går føre seg ein tilskotsberettiga produksjon. Det er eit krav at søkaren er registrert i Einingsregisteret.

Kva kan det søkjast tilskot til ?

Landbruket sitt kulturlandskap er svært viktig både for utøving av friluftsliv og for landskapsbiletet. Den største utfordringa er at kulturlandskapet gror att. SMIL – midlane er det viktigaste kommunale verkemiddelet for å hindre attgroing og fyrste prioritet til bruk av midlane vil difor vere bruk, skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskap som er svært viktige for landbruket og for ålmenta. I tillegg vil kommunen prioritera tiltak mot attgroing som er viktige for å ivareta artsmangfaldet.

Endra klima med auka fare for styrtregn, flaum, erosjon og vatn på avveggar medfører at det er enda viktigare enn før å ha velfungerande drenering / avlaupssystem. Kommunen vil prioritera tilskot til avskjeringsgrøfter, kanalar, utbetring av kistegrøfter, steinsetting av kanalar m.m. som gjev effekt på kontrollert avrenning og mindre erosjon.

Gjerde mot utmark kan medverke til å oppretthalde beitebruken.

Det er og eit ynskje å ta vare på bygningar og bygningsmiljø og å restaurere og leggje til rette for opplevingar knytt til kulturminne.

Prioritering:

1. Skjøtsel av kulturlandskap med tiltak knytt til opning og stell av landskap. Dette særleg i område som er kartlagt som viktige naturtypar i biologisk mangfald. Tilskot inntil 70% av godkjent kalkyle.
2. Tilskot til hydrotekniske tiltak som avskjeringsgrøfter, kanalar m.v.. Tilskot inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag.
3. Inngjerding av beiteområder for å sikra styrt beiting, inntil 70% av godkjent kalkyle.
4. Restaurering av bygningar og andre kulturminne av spesiell verdi. Inntil 30% av godkjent kalkyle.

5. Bygging av naudsynte driftsvegar i samband med skjøtsel av kulturlandskap. Inntil 30% av godkjent kalkyle.
6. Tilrettelegging av tilkomst til areal med særskilte natur- og / eller kulturminneverdiar.
7. Tilrettelegging av tilkomst til areal med fri ferdsel, m.a. parkeringsplassar og stiar knytt til friluftsområder. Tilskot inntil 70 % av godkjent kalkyle.
8. Tilskot til rydding av gran i lauvskog.

Tiltak som gjev mindre enn kr. 3.000,- i tilskot skal ikkje utløyse løyving.

Det skal leggjast ved søknaden planar med detaljerte kostnadsoverslag, naudsynt dimensjonering av tiltaket, naudsynte avtalar, naudsynte løyve, kart og bilete. Sakene vert handsama av plan og næring.